



Sak nr 20/2011

Møtedato: 27.4.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S561

## S561, Gilen – søknad om å flytte/erstatte anneks

Bente Marie Myhre søker om å få erstatte eksisterende uthus/anneks med eit nytt ca 4-5 meter lengre nord. Grunnen til at det blir søkt om å endre plassering, er grunna svært uheldige snøforhold på noverande tomt. I uthuset er det utedo, og dette fungerer dårleg med tanke på lukt. Myhre ynskjer derfor å føre dette opp som eit tilbygg til uthuset.

I følgje stølsregisteret er på stølen eit sel på 65m<sup>2</sup>, uthus/anneks på 28m<sup>2</sup> og fjøs på 26 m<sup>2</sup> (alle mål er BYA, bebygd areal). Teikningar og kartskisse er lagt ved søknaden. Hovuddelen av nytt anneks måler 32,4 m<sup>2</sup> (BRA, bruksareal). Tilbygget er 4,7 m<sup>2</sup> (BRA), men sidan takhøgde er under 1,9 meter er ikkje dette teljande areal.

Det orientert nærare om behovet i eige brev der det m.a. står: *Eitt nytt hus bør dimensjonerast slik at det kan isolerast etter dagens behov og inneha funksjonar som dekkjer dagens behov. Eg har kome til at det då vil vera nødvendig å breidde huset med minst ein meter.* I søknaden opplyser Myhre at stølen blir brukt til beite, slått og anna (tilsyn av beitedyr, vedhogst, jakt/fiske og ferie). Landbrukskontoret opplyser at søkjaren driv med sau.

Stølen er i bruk til beite og er i bruk etter fjellova. Støl som er i bruk skal behandlast etter §10 i stølsforskrifta: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

*Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.*

Statskog gir følgjande uttale i brev datert 14.4.11

*Statskog mener at vedhogst, jakt, fiske og ferie ikke er relevant for søknaden. Vi skal uttale oss i henhold til seterforskriften og vurdere behov for husvære ut fra drifta på stølen. I utgangspunktet vil det ikke være behov for mer enn et hus, sel, på en støl med slik type drift. Det vil ikke være behov for et anneks som hus nr 2 på en støl der man har tilsyn med beitedyr og utøver forproduksjon. Til dette er det tilstrekkelig med sel på 65 m<sup>2</sup>*

*I denne saken er det slik at det står et anneks, kombinert med uthus, fra før. Hver enkelt stølsbruker har rett til å vedlikeholde sine hus. Dersom man forebygger råteskader ved å flytte annekset noen meter er det et greit alternativ. Men vi tillater ikke å utvide bygget slik det er vist til i søknaden. Med andre ord aksepterer Statskog at det blir bygd nytt anneks på 28 m<sup>2</sup> utvendig mål. Vi forutsetter da at det gamle skal rives.*

*På bakgrunn av dette tilrår vi fjellstyre i Vestre Slidre å gi tillatelse til å rive det gamle annekset/uthuset og sette opp nytt bygg 4 -5 meter nord for der det står i dag. Bygget skal ikke være mer enn 28 m2 utvendig mål. Det gamle annekset skal rives.*

Oppland fylkeskommune gir følgjande uttale i brev datert 11.4.11

### Vurdering

*Søknaden manglar detaljfoto som dokumenterer tilstanden til det eksisterande uthuset/annekset, noko som gjer det vanskeleg å vurdere behovet for det omsøkte tiltaket. Grunngevinga for riving og oppføring av et nytt uthus/anneks vurderast likevel som tilstrekkeleg.*

*Seterhus er ofte enkle bygningar. Ved endringar på bygningsmiljø i slike områder er det derfor viktig å ta omsyn til og vidareføre tradisjonane. Ved oppføring av nye bygningar bør dei derfor underordne seg det eksisterande stølsmiljøet.*

*Det er lagt ved teikningar av det nye uthuset/annekset, kartskisse som viser plassering og oversiktsfoto av stølen. Den nye bygningen har ei enkel utforming, slik det er tradisjon for i stølsområda, og vil etter vår vurdering harmonere godt med dei andre bygningane på stølen. Vi ynskjer likevel å gjere merksam på at det også er viktig at material- og fargebruk blir i samsvar med tradisjonen. Å setja opp den nye bygningen der det opphavlege uthuset stod vurderast også som ei god løysing.*

*Oppføring av eit nytt uthus/anneks på tomta der det opphavlege uthuset stod vil etter vår vurdering ikkje ha negativ påverking på det eksisterande stølsmiljøet.*

### Konklusjon

Oppland fylkeskommune vil ikkje motsette seg at det blir gitt løyve til oppføring av eit nytt uthus/anneks på Lomurstølen som vist på teikningane som er lagt ved søknaden.

Bente Marie Myhre har i brev datert 18.4.11 gjeve tilbakemelding om at korrekt areal på huset er 28,8 m<sup>2</sup> (BYA).

Kjell Strand la fram forslag om å godkjenne noverande areal på 28,8/26 m<sup>2</sup> (BYA/BRA) pluss tilbygg for utedo. Arild Brattrud la fram forslag om å godkjenne søknaden slik det var søkt om. Anne Live Garvik støtta framlegg frå Arild Brattrud og Kjell Magne Snortheimsmoen støtta framlegg frå Kjell Strand. Kari Tyldum hadde meldt forfall til møtet pga sjukdom. Kjell Strand sitt framlegg vart vedteke med leiaren si dobbeltstemme.

### **Vedtak:**

Fjellstyret godkjenner oppføring av anneks på 28,8/25,9 m<sup>2</sup> (BYA/BRA) pluss tilbygg for utedo. Fjellstyret har ingen merknader til flytting av tomt for huset. Vedtaket er gjort etter §13 i stølsforskrifta. Vedtaket er gjort på vilkår av at eksisterande anneks blir fjerna seinast 1.9.2012.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 28.4.11

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Bente Marie Myhre  
Statskog  
Oppland fylkeskommune  
Vestre Slidre kommune